



Aukra kommune

«KVAR DAG TEL»

Rettleiar for skolenærvær i Aukraskolen



INNHALD:

1. KVA ER SKOLEFRÅVÆR?

Innleiing.....	S. 2
Gyldig og ugyldig fråvær.....	S. 2
Omgrep.....	S. 2
Den vonde sirkelen – eit teoretisk blikk på skolefråvær.....	S. 3

2. KORLEIS FØREBYGGE FRÅVÆR?

Føring av fråvær.....	S. 4
Oversikt over fråvær.....	S. 4
Læringsmiljø.....	S. 4
Kunnskap og informasjon om nærvær og fråvær.....	S. 4
Oppsummering.....	S. 5

3. KORLEIS HANDTERAR VI BEKYMRINGSFULLT FRÅVÆR?

Bekymring ved 10 % fråvær.....	S. 6
Tiltakstrapp.....	S. 6
Tiltakstrapp trinn for trinn.....	S. 7
Kjelder.....	S. 8

4. VEDLEGG/VERKTØY FOR OPPFØLGING AV ELEVAR

Vedlegg 1: «Fråværstabell».....	S. 10
Vedlegg 2: Forenkla kartlegging.....	S. 11
Vedlegg 3: Mal for samarbeidsmøte.....	S. 12
Vedlegg 4: Evaluering av samarbeidsavtale.....	S. 13
Vedlegg 5: Tiltaksbank.....	S. 14
Vedlegg 6: Samtykkeskjema.....	S. 15
Vedlegg 7: Kartlegging av problematisk skolefråvær (PPT).....	S. 17
Vedlegg 8: Powerpoint-presentasjon.....	S. 23

Forord

Alle born mellom 6 og 16 år har rett og plikt til å gå på skolen. Forsking viser at elevar som fullfører skolegangen blir betre rusta for å lykkast i livet. Den sosiale funksjonsevne, den psykiske helse, sjansen for å lykkast i arbeidslivet og meistring av kvardagen blir styrka. Opplæringslova §9A-2 slår fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skolen og samarbeidspartnarar må arbeide for at dette er godt fulgt opp for alle elevane i Aukraskolen.

Å gå på skolen er det normale. Med ein gong nokon blir heime fordi det er vanskeleg å gå på skole, er det mange som kjenner seg unormale. Aukra kommune skal difor førebygge fråfall i tidleg alder og iverksette tiltak raskt når ein elev har høgt skolefråvær.

Gode rutinar med registrering og oppfølging av fråværet er grunnlaget for å sjå at ein elev er mykje borte. Lærar, skoleleiing, foreldre og andre samarbeidspartnarar må samarbeide og bruke retningslinjene i denne plana for å lykkast med å få alle elevane til å fullføre grunnskolen i Aukra.

DEL 1 – KVA ER SKOLEFRÅVÆR?

INNLEIING

Høgt skolenærvær og trivsel på skolen, vernar elevar mot psykisk uhelse og aukar den enkelte sin sjanse til å gjennomføre og bestå vidaregåande utdanning. Elevar som er vand til å stå opp kvar morgon, gå på skolen og ikkje minst halda ut gjennom dagen, vil få ein "skolekondis" som dei vil dra nytte av vidare i livet. Når eit barn ikkje kjem seg til, eller ikkje klarer å vere på skolen, er dette ei utfordring som må eigast av både skole og foreldre. Høgt skolefråvær gir fleire negative følgjer og når fråværet held fram, kan det vere ressurskrevjande å snu, både for eleven sjølv og dei rundt.

Det finst i dag ingen nasjonale retningslinjer for oppfølging av alvorleg skolefråvær i grunnskolen, og det er derfor opp til kvar enkelt kommune og skole å handtere dette. Denne rettleiaren er meint å sikre at elevar får rett hjelp til rett tid dersom dei skulle få bekymringsfullt skolefråvær. Aukraskolen har som mål at elevane ved skolen trivst og har minimum 90 % nærvær. Skolen er ein sentral arena for læring og sosial utvikling. Vi meiner at skolenærværet vil gjere dei meir robuste og betre rusta til å møte utfordringar.

Definisjon - fråvær

«Fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skolen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang/ei hyppigheit som medfører bekymring knytt til den faglege utviklinga til eleven, og dessutan elevens sosiale tilhøyrse og utvikling» (Jo Magne Ingul, 2011)

GYLDIG OG UGYLDIG FRÅVÆR

Skolefråvær kan skyldast fleire ulike forhold. Det kan vere utfordringar i skolekvardagen, foreldre som held eleven borte frå skolen, feriar med eller utan søknad om permisjon, osb. Når vi snakkar om skolefråvær nyttar vi gjerne omgrepa gyldig og ugyldig fråvær. I hovudtrekk er gyldig fråvær sjukdom, innvilga permisjon eller fråvær grunna forhold som ein ikkje rår over. Ugyldig fråvær er fråvær som ikkje er dokumentert verken av foreldre eller andre myndigheitspersonar. Den allmenne bruken av omgrepet skulk, altså at eleven har fråvær frå skolen utan at føresette har kunnskap om det og samtykker, fell under kategorien ugyldig fråvær.

Tradisjonelt sett har ein tenkt at det mest bekymringsfulle fráværet er det ugyldige, men i dei seinare år har forskning vist at fráværet får like alvorlege konsekvensar uavhengig av om det er gyldig eller ugyldig. Ein elev som er mykje fráverande grunna dokumenterte fysiske eller psykiske lidingar, kan få like alvorlege konsekvensar som for eleven som skulkar. Det er derfor viktig at vi gir alle elevar tidleg og god hjelp ved bekymringsfullt frávær.

OMGREP

I denne rettleiaren blir omgrepa *bekymringsfullt og alvorleg skulefrávær* nytta. Bekymringsfullt frávær blir definert av Ingul (2011) og set lista for når vi som arbeider med elevar må handle (jfr. Tiltakstrapp s. 6). Når fráværet blir høgt og varer over tid, kallar vi det alvorleg skulefrávær. Når fráværet varer over tid, blir det etablert som eit mønster som sidan kan bli vanskeleg å endra (Havik 2018, Kearney 2008, Sällman 2010, Thambirajah 2008). Omgrepet skolevegving er gjennom dei siste åra òg nytta om slikt frávær. Ein trend innan feltet viser auka varsemd til bruken av denne merkelappen.

I Aukraskolen er bekymringsfullt frávær følgjande:


- 10 % frávær (gyldig eller ugyldig)
- 10 enkelttimar i ein termin
- Gjentakande forseintkomming
- Er på skolen, men fráverande frå undervisning

Skolerelaterte risikofaktorer, risiko i familien og individuelle risikofaktorer kan vere symptom på at noko er vanskelig i livet til barn og ungdom. Ein må kartlegge kva faktorer som kan opprettheld fravær. Dette kan vere manglande strategier, faglege eller sosiale konsekvensar (mindre kontroll, meir stress, større ungåelsesåttferd.) Å ha det behageleg heime i skoletida, om ingen spør etter eleven eller følger opp, spillrelatert problematikk, dyrke vondter, vere redd for å skille seg ut, eller kva andre sier er ofte med å opprettheld skulefrávær.

Skolevegving har ofte unngåing som drivkraft. Fráværet er sjølvforsterkande, angstdempende medan å prøve å gå på skolen kan vere angstaukande. Det blir ofte eit fokus å unngå all uro eller angst. Foreldra blir lett fanga med i dette systemet. Ei forsterking er med på å hindre ny læring og erfaringar med at det går bra å vere på skolen.

DEN VONDE SIRKELEN - EIT TEORETISK BLIKK PÅ SKOLEFRÁVÆR

Frávær frå undervisning og det sosiale miljøet på skolen kan ofte medføre fleire typar problem, slik som vist i modellen under. Problema som følger fráværet utløyser igjen meir frávær og slik hamnar eleven i ein vond sirkel av aukande frávær (Thambirajah, 2008).



Figuren viser den vonde sirkelen

Skolefråvær er å sjå på som eit symptom på noko som er vanskeleg i livet til barn og ungdommen!

DEL 2 – KORLEIS FØREBYGGE FRÅVÆR?

Abeid med å auke skolenærver handlar ikkje om ein isolert innsats, men systematisk innsats over tid!

FØRING AV FRÅVÆR

Eit viktig element i førebygginga er føring av fråvær. Alle lærarar i Aukra er forplikta til å registrere fråvær digitalt kvar dag. Det er leiinga ved skolen som skal sikre at alle tilsette har tilstrekkeleg opplæring i systemet for føring av fråvær. Med presis føring, kan vi til ei kvar tid ha korrekt oversikt over fråværet. Ein må ha dokumentasjon på fråvær før ein set inn tiltak.

OVERSIKT OVER FRÅVÆR

Kontaktlærar skal til ei kvar tid vite kva for elever som nærmar seg 10 % fråvær, 10 timar fråvær eller fråvær i form av å stadig kome for seint. Elevane sitt fråvær skal vere tema på teammøte for trinnet. Kontaktlærar kallar elev og foreldre inn til ein samtale for å undersøke årsaka til fråværet. Leiinga ved skolen skal kvar månad gjennomgå det totale fråværet for å sikre at rutinane for oppfølging blir fylgt.

LÆRINGSMILJØ

I Aukraskolen er vi opptatt av å sikre eit godt læringsmiljø. Å styrke eleven sin tilhørslse, deltaking, medbestemming og kompetanse sikrer eit godt læringsmiljø for eleven, noko som er svært viktig med tanke på å fremme elevnærver. Trivsel og relasjon mellom lærar og elev påverkar skolane sin meir overordna kultur. I en positiv skolekultur ser vi at lærarar og elevar bryr seg om og støttar kvarandre, samtidig som lærarane er gode rollemodellar for elevane. Dei har felles verdiar, normer og mål, og alle på skolen føler tilhørslse til desse (Barr og Higgins-D'Alessandro, 2007).

Elevar som opplever ein god skolekultur, der lærarar er opptekne av å sjå kvar enkelt, vil i større grad trivast og vere meir motiverte for å vere på skolen. Tilpassa opplæring vil spele inn på den einskilde elev sin trivsel og er ein viktig faktor i arbeid med nærver. Lærarane sin kompetanse innan klasseleiing og relasjonsbygging er svært viktig for klassemiljø og trivsel. Ein positiv og god klassekultur med ein trygg og god klasseleiar er derfor viktige førebyggjande faktorar for fråver (Havik, 2015). I Aukraskolen har derfor kompetansebygging i personalet innanfor område som relasjonar, kommunikasjon og klasseleiing stått sentralt.

KUNNSKAP OG INFORMASJON OM NÆRVÆR OG FRÅVÆR

Alle tilsette skal ha tilstrekkeleg kunnskap til å kunne følge opp bekymringsfullt og alvorleg fråver. Tilsette i skolen skal vite *kvifor* og *korleis* vi jobbar for auka nærver i Aukraskolen. Rektor står ansvarleg for at slik kunnskap blir overført til nye medarbeidarar, og at alle arbeidsverktøy er lett tilgjengelege.

Skolen sine elevar og føresette skal også ha kjennskap til Aukraskolen sin rettleiar for skolenærver. Dei skal vere godt kjende med forventningane til skolen og heimen. I Aukraskolen ønsker vi å ha høg terskel for å vere heime frå skolen. Vi ønsker at elevar skal vere på skolen så lenge dei ikkje har feber eller smittsame sjukdomar. Eleven sine foreldre skal vere trygge på at vi kan legge til rette for skoledagen for eleven sjølv om ein er litt slapp. Ofte går magesmerter eller hovudverk over når ein får komme i gang med skoledagen, men føresette kan vere trygge på at vi tar kontakt dersom eleven faktisk er sjuk. Når eleven og familien er godt informert om bekymringsgrensa (10 % fråver), vil ei innkalling til samarbeidsmøte ikkje opplevast negativ, men bli forstått som omsorg for eleven og som eit førebyggjande tiltak. Med bakgrunn i dette, er skolenærver og forventningar knytta til dette, tema på alle foreldremøte frå 1. – 10. trinn. Det er utarbeida ein PowerPoint-presentasjon (vedlegg 8) om temaet som kontaktlærar kan bruke på foreldremøta.

Å eige utfordringa saman

Skolefråverssaker er ofte komplekse. For å lukkast er ein avhengig av samarbeid på dei ulike arenaene som er viktig for eleven. Familie, skole, slekt, venner, idrettslag og andre kan vere viktige brikkar i et barn sitt liv. Det er nødvendig å koordinere samarbeidet innan kvar arena slik at alle brikkene i puslespelet passer saman.

OPPSUMMERING

Alle tiltak som bidreg til at elevane trivast på skolen og opplever skolekvardagen som meningsfull, vil sannsynlegvis auke nærver og førebygger fråver. Eleven sin emosjonelle- og sosiale kompetanse er også viktig i førebygginga. Kunnskap og informasjon om fråver og tydelege retningslinjer, vil førebygge forvirring og konflikt. Det førebyggjande arbeidet bidreg til at sårbare elevar som kan utvikle alvorleg fråver, blir oppdaga tidlegare, aukar nærveret på skolen og sjansen for å meistre vidaregåande opplæring aukar.

Trass i godt førebyggjande arbeid vil nokre elevar likevel utvikle bekymringsfullt fråver og då må vi handle ut frå kunnskap om at «kvar dag tel».

DEL 3 – KORLEIS HANDTERAR VI BEKYMRINGSFULLT FRÅVÆR?


BEKYMRING VED 10 % FRÅVÆR

Grensa for bekymringsfullt fråvær er sett til **10 % fråvær, 10 enkelttimar eller gjentakande forseintkomming**. 10 % fråvær vil seie ca. 10 fråværsdagar i ein termin. Kontaktlærar må til ei kvar tid ha oversikt over kor mange dagar 10 % blir (sjå fråværestabell i vedlegg 1). Dersom ein elev oppfyller eit av dei tre kriteria skal det føre til ei bekymring som krev tiltak. Tiltakstrappa skal brukast i alle saker, men i mange tilhøve vil ein allereie på første trinn i trappa oppleve å få avkrefta bekymringa. Saka vil då naturleg stanse utan behov for konkrete tiltak. Eksempel på dette kan vere at ein elev som har fått innvilga permisjon i fire dagar i tillegg fekk både influensa og omgangssjuka same termin. Etter vurdering saman med elev og føresette, fastslår kontaktlærar at eleven sannsynlegvis vil ha normal oppmøte vidare.

Når ein elev når fråværgrensa for problematisk skolefråvær, skal kontaktlærar sjå i elevmappa etter moglege årsaker.

TILTAKSTRAPP

Tiltakstrappa skal brukast i alle saker med bekymringsfullt fråvær. Så lenge fråværet er bekymringsfullt, vil saka fortsette oppover i trappa. Arbeidet i ei sak kan berre bli avslutta dersom fråværet er under bekymringsgrensa. Dersom ein elev får akutt alvorleg skolefråvær, må kontaktlærar sørge for at prosessen fram til trinn 3 eller 4 går raskare.



TILTAKSTRAPP TRINN FOR TRINN

Trinn 1. Snakk med eleven og kontakt føresette - same dag

Når fråværet kjem opp til bekymringsgrensa, skal kontaktlærar snakke med elev og foreldre allereie same dag (gjelder elev frå 5. – 10.trinn). Det er utarbeida ein PowerPoint-presentasjon (vedlegg 8) om temaet som kontaktlærar kan bruke på foreldremøta. Om bekymringa skal drøftast med eleven sjølv, må vurderast ut frå alder og utvikling. Elevar på ungdomstrinnet skal alltid inkluderast ved bekymring. Kontaktlærar gjer elev og

foreldre merksame på at fråværet er over 10 % og saman vurdere dei om det er nødvendig å komme saman til eit møte. I nokre tilfelle har fråværet ei forklaring som gjer kontaktlærar trygg på at det ikkje vil bli eit problem framover. I slike tilfelle blir saka avslutta på trinn 1. Dersom elev, kontaktlærar og/eller foreldre er bekymra for vidare fråvær, fortset prosessen til trinn 2. Ein skal dokumentere at ein har hatt møte med elev og foreldre.

Trinn 2. Møte med kontaktlærar, elev og foreldre - innan ei veke.

I dette møtet kartlegg kontaktlærar i samarbeid med elev og foreldre situasjonen for å få svar på grunnen til fråværet. Kontaktlærar nyttar forenkla kartleggingsskjema (vedlegg 4). Intensjonen er å finne årsaker til fråværet samt konkrete tiltak som kan betre situasjonen. Kontaktlærar kan nytte tiltaksbanken (vedlegg 7) som inspirasjon. Tiltaksbanken inneheld mange tiltak som kan bidra til å auke skolenærværet. I møtet skal ansvarsoppgåver bli tydeleg fordelt og dokumentert. Skriv referat. Det er viktig at alle blir delaktige i prosessen gjennom at kvar enkelt har konkrete oppgåver – dette gjeld både elev, skole og heim. Etter tre veker skal situasjonen evaluerast. Dersom elev, kontaktlærar og/eller foreldre er bekymra for vidare fråvær, fortset prosessen til trinn 3. Kontaktlærar skal dokumentere kva som er oppretthaldande faktorar, tiltak som blir satt i gang og evaluering av tiltak. Det er viktig å dokumentere at ein arbeidar utan ugrunna opphald. Dette skal skoleleiinga legge til rette for.

Trinn 3. sosialpedagogisk team (tverrfagleg team) – innan ei veke

Når tiltak er utprøvd i samarbeid med elev og foreldre utan ønska effekt, skal saka tas opp i skolen sitt sosialpedagogiske team. I sosialpedagogisk team sit miljøterapeut, kontaktlærar, rådgjevar, avdelingsleiar, rektor og helsesjukepleiar. LOS er med i dei sakene dei arbeider med. Dette skal gjerast i samarbeid med (elev på ungdomstrinn og) føresette. Føresette og elev over 15 år kan frita skole og andre aktørar frå teieplikta (vedlegg 8). Dersom elev eller føresette ønsker det, kan dei delta i møtet. Intensjonen med møtet er å finne fram til tiltak som kan bidra til å betre situasjonen. Tiltaksbanken kan nyttast som inspirasjon. I tillegg kan pedagogar og PPT komme med nyttige råd dersom dei deltek i teamet. I etterkant av møtet avklarar kontaktlærar med elev og føresette kva for tiltak som skal prøvast i dei komande tre vekene. Etter tre veker skal situasjonen evaluerast og dokumenterast. Viss eleven, kontaktlærar/føresette er bekymra for vidare fråvær, fortsett prosessen til trinn 4. Sosialpedagogisk team bestemmer kven som har ansvar for å kalle inn og leie saka vidare. Ved behov for meir kartlegging kan skjema for "kartlegging av problematisk skolefråvær" frå PPT nyttast (vedlegg 9).

Trinn 4. Samarbeidsmøte (Ansvarsgruppemøte)

Faste samarbeidsmøte på skolen og i regi av skolen. Så lenge fråværet blir definert som alvorleg, skal møtefrekvensen vere høg, det vil seie minimum kvar 3 veke. Ein representant frå leiing ved skolen er med i møta i tillegg til kontaktlærar og andre sentrale samarbeidspartnarar. Aktuelle samarbeidspartnarar kan vere; helsesøster, PPT, fastlege, behandlar, BUP, familieteneste og barneverntenesta. Eleven på ungdomstrinnet bør delta i møta. Er eleven yngre, kan eleven delta i deler av møtet tilpassa alder og modning. Det kan vere strategisk å involvere andre ressurspersonar i eleven sitt nettverk, for eksempel slektningar eller venner. Målet med møta er å finne gode løysningar slik at eleven skal oppnå normalt skolenærvær. Møta blir gjennomført fram til eleven ikkje lenger har bekymringsfullt skolefråvær. Alle møta skal dokumenterast. Samarbeidspartane kan komme med tilråding om individuell plan (IP).

Avgjerande for gode resultat:

- Tillit mellom elev, skole og heim
- Lytte til eleven sine opplevingar og ønskjer – gi reell medverknad i eiga sak
- Alle tar ansvar og ser på utfordringa som eit felles ansvar
- Samhandling og godt samarbeid mellom instansar
- Høg møtefrekvens
- Optimisme og pågangsmot
- Kreative løysingar
- Mobilisering av nettverk

KJELDER

(Barr og Higgins-D'Alessandro, 2007)

Berthelsen, Line, Tine Basse Fisker, Marie Falck Hansen, Helle Rabøl Hansen, Trude Havik, Gitte Lai Højmosse, Rani Hørlyck, Daniel Bach Johnsen, Lisbeth Lenchler-Hübertz, Johanne Jeppesen Lomholt, Janni Niclasen, Nanna Paarup, Gry Ravn Rønne, Marlene Stokholm, Signe Sørensen og Mikael Thastum (2019). *Skolens fraværende barn – årsager og indsatser*. Dafolo forlag.

Havik, Trude (2018). *Skolefravær – å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring*. Gyldendal akademisk.

Hernes, Gudmund (2010). *Gull av gråstein*. Tiltak for å redusere frafall i videregående opplæring. Fafo-rapport 2010:03.

Holden, Børge og Jan Ivar Sällman (2010). *Skolenekting – årsaker, kartlegging og behandling*. Kommuneforlaget.

Kearney, C.A. (2008a). *Helping School Refusing Children and Their Parents. A Guide for School-based Professionals*. New York: Oxford University Press.

Thambirajah, M.S., Grandison, K.J. and De-Hayes, L. (2008). *Understanding School Refusal. A Handbook for Professionals in Education, Health and Social Care*. London: Jessica Kingsley Publishers.

Ingul, Jo Magne (2014). "Anxiety and Social Phobia in Norwegian Adolescents: Studies of risk factors, school absenteeism and treatment effects" (doktorgradsavhandling), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Psykologisk institutt.

Jo Magne Ingul (2016). *Ungdom og skolefravær - seminar om skolevegring og fravær*. Hva kjennetegner elever med høyt fravær sett ut fra norsk og internasjonal forskning.

<http://www.psykologforeningen.no/foreningen/nyheter-og-kommentarer/aktuelt/til-topps-med-doktorgrad-om-skolefravaer>
<https://ekspertsykehusetblog.wordpress.com/2019/07/03/barn-med-autismeforstyrrelser-har-oftere-skolevegring/>

Takk til:

Aukra kommune vil rette ein takk til Nittedal kommune og Frogn kommune for inspirasjon i samband med utviklinga av denne rettleiaren. Mykje av teksten i denne rettleiaren er «lånt frå» rettleiaren «Hver dag teller» til desse kommunane.

VEDLEGG 1: FRÅVÆRSTABELL


TIDSPUNKT	10 % fråvær
15. oktober	ca. 4 dagar
1. desember	ca. 7 dagar
Terminslutt 15. jan	ca. 10 dagar
1. mai	ca. 6 dagar
Terminslutt	ca. 10 dagar

VEDLEGG 2: FORENKLA KARTLEGGING (NYTTAST PÅ TRINN 2 I TILTAKSTRAPPA)

Det er skolerett og skoleplikt i Noreg – det betyr at alle barn har rett til eit skoletilbod og føresette skal sørge for at eleven kjem på skolen. Når ein elev er mykje borte frå skolen går eleven glipp av mykje, både fagleg og sosialt. Vi veit at elevar som har høgt fråvær i grunnskolen er ekstra sårbare når det gjeld å falle frå i vidaregåande skole.

Aukraskolen jobbar for at elevane skal ha så høgt nærvær som mogeleg og ved 10 % fråvær innkallar vi til møte. Eleven skal vere **sjuk** for å kunne vere heime frå skolen. Ei god rettesnor er at eleven blir heime ved feber eller oppkast. Dersom eleven kjenner seg dårleg, er sliten eller er litt forkjøla, skal eleven komme på skolen og vi skal legge godt til rette for at det skal bli ein god dag.

Årsaker til fråvær er ofte samansette:



Spørsmål til eleven:

Snakk med eleven på tomannshand

- Er det nokon på skolen som kan forklare fråværet?
- Er det nokon heime som kan forklare fråværet?
- Er det nokon på fritida som kan forklare fråværet?
- Kva dagar er det lett å gå på skolen? Kva timar? Kva lærar?
- Er det medelevar som kan vere ein trygg ressurs?

Spørsmål til føresette:

- Er det nokon på skolen som kan forklare fråværet?
- Er det nokon heime som kan forklare fråværet?
- Er det nokon på fritida som kan forklare fråværet?

,5

OBS! Still spørsmål om leggerutinar, søvnvanar og morgonrutinar i heimen!

VEDLEGG 3 MAL FOR SAMARBEIDSMØTE

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM ELEV, FORELDRE, SKOLE OG EVT. ANDRE INVOLVERTE:

Stad, dato: Til stade ved utarbeidinga:
Skolen sitt ansvar:
Føresette sitt ansvar:
Eleven sitt ansvar:
(Eventuelt andre involverte?)
Plan B: Plan C, osb.
Avtalen gjeld for dei neste _____ vekene. Den skal evaluerast (dato): _____
Signatur på avtalen:

VEDLEGG 4: EVALERING AV SAMARBEIDSAVTALE:

Stad, dato:
Til stade ved evalueringa:
Evaluering av mål:
Evaluering av tiltak:
Evaluering av plan B:
Evaluering av plan C, osb.
Basert på evalueringa er følgjande avtalt (kryss av): <ul style="list-style-type: none">• Det er ikkje lenger behov for systematisk oppfølging av skolefråvær. <i>ELLER</i> <ul style="list-style-type: none">• Det blir utarbeidd ny samarbeidsavtale.• Behov for vidare henvising til PPT, BUP, barneverntenesta, eller andre instansar som er vurdert.
Signatur på evaluering:

VEDLEGG 5: TILTAKSBANK (TILTAK KAN SKRIVAST RETT INN I SAMARBEIDSAVTALEN)

TEMA	TILTAK
Kartlegging	Kartlegging er viktig for å kunne iverksette gode tiltak. Ein elevsamtale er ei god kartlegging i seg sjølv. Det er også viktig at eleven får god informasjon om kvifor kartlegging er viktig. Kartlegging vil også vere eit tiltak i seg sjølv då det er relasjonsbyggjande - både mellom skole - elev og skole - foreldre.
Samarbeid med skole	Er det noko som hindrar eller utfordrar samarbeidet? Det er avgjerande at skoleleiinga set av nok tid og skapar gode rammer for relasjonsbygging og støtte frå det pedagogiske personalet. Etablere og vidareføre positive relasjonar mellom elev og vaksne på skolen som er viktig for å gjere eleven trygg. Informere klassen/trinnet om fråværet til eleven dersom elev og foreldre samtykker til dette. Ta kontakt med eleven. Elevar opplever at det er godt å vite at nokon saknar dei, og at skolen spør etter dei.
Samarbeid med foreldre	Er det noko som hindrar eller utfordrar samarbeidet? Sørg for ein open dialog med foreldra, slik at dei veit kven dei skal ta kontakt med og når den personen er tilgjengeleg. Informere foreldra om kva langvarig skolefråvær er, og gi informasjon om skolen sine rutinar og moglege tiltak. <i>Bruk trappetrinnsmodellen i rettleiaren.</i> Trygg foreldra på at skolen gjer sitt beste for at eleven skal trivast, og gi god informasjon om korleis eleven fungerer på skolen. Anerkjenn foreldra sine utfordringar, og gi informasjon om aktuelle hjelpeinstansar. Arbeidet med å sikre at eleven skal vere på skolen skal vere eit samarbeid. Dette er viktig å formidle til foreldra
Samarbeid med eleven	Samarbeid med eleven om tilrettelegging. Etablere system for å gjere det mogleg å kjenne igjen og lage gode strukturar for skoledagen til eleven, slik at eleven kan føle seg trygg. Dette kan f.eks. vere eiga dagsplan/vekeplan. Førebu og informere eleven om endringar i dagsrutinar, særleg dei dagane der det er endringar i den vanlege skolerutinen (for eksempel turdagar, høgtidsmarkeringar, osv.). Fokuser på fag som eleven opplever meistring i og sørg for fagleg tilpassa opplæring. Bruk av varierte metodar (f.eks. 3.3.4 omvendt undervisning) vil kunne motivere til å delta. Vær bevisst på kor eleven sit i klasserommet, dvs. eleven skal oppleve å bli sett. Eleven kan plasserast med venner eller trygge medelevar, osv.
Korleis hjelpe eleven til skolen?	Der det viser seg å vere store utfordringar i samband med å få eleven på skolen om morgonen, kan eit tidleg innsatstiltak vere at losen i kommunen eller ein frå skolen (kontaktlærer, ein frå leiinga, sosionommiljørettleiar , barne- og ungdomsarbeidar , helsesjukepleiar, e.l.) møter barnet heime. Mor og/eller far følgjer eleven til skolen i ein periode. Møt eleven i skolegården eller på avtalt stad for å følgje eleven til klasserommet. Gi eleven alternativ til å dra heim frå skolen, for eksempel avtal at det er mogleg å ta pausar.
Skolemiljø/klasse miljø	Sørg for at eleven held positiv kontakt med medelevar dersom eleven er sosialt isolert. Dette kan for eksempel vere: brev frå klassen, besøk frå klassekameratar eller kontaktlærer, oppfordre klassen til å sende hyggelege tekstmeldingar, oppfordre elevar til å oppsøke eleven i fritida. Gjer friminutt trygge ved å sette i gang faste aktivitetar for å skape oversiktlege og trygge sosiale arenaer. Sørg for at eleven har nokon å gå saman med til skolen
Samarbeid/involvering av andre instansar	Vurder fortløpande behovet for samarbeid med barnevernstenesta og/eller politi. Bruk samarbeidsavtalen for å avtale tiltak. Dersom tiltak ikkje gjer ønska effekt etter systematisk gjennomføring over 3 veker, skal eleven meldast opp til PPT.

VEDLEGG 6: SAMTYKKESKJEMA FOR TVERRFAGLEG SAMARBEID



Aukra kommune

Kontaktopplysningar behandlingsansvarleg	Kontaktopplysningar personvernombod
Aukra kommune Tlf.: 71 17 15 00 Njordvegen 12 6480 Aukra	Personvernombod Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal Tlf.: 406 18 600 e-post: postmottak@ikamr.no

Samtykke til tverrfagleg samarbeid for barn under 18 år

For at offentlege instansar skal kunne samarbeide og dele teiepliktige opplysningar, må vi ha samtykkje frå barnet, føresette/foreldre eller vere.

Tverrfagleg samarbeid og/eller innhenting av opplysningar frå andre instansar er nødvendig for å kunne gi/vurdere eit forsvarleg og best mogeleg hjelpetilbod. Samarbeid mellom instansar vil også kunne hjelpe til å skape gode tenester til deg.

Eg/vi samtykkjer til at saksansvarlege i tenestene under kan dele informasjon og nødvendige opplysningar om:

Namn: _____

Fødselsnummer: _____

Kryss av for instansar som vert friteken frå teieplikta i denne saka:

Aukra kommune ved (namn på saksansvarleg) kan gi informasjon til og ta imot nødvendig og relevant informasjon frå følgjande instansar:	Ja	Nei
Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)		
Barneverntenesta		
Familie/foreldre/føresette		
Fastlege		
Fysio- og ergoterapitenesta		
Helsestasjon/skolehelsetenesta		
Kommunale fritidstilbod		
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)		
Politiet		
Psykolog		
Rask psykisk helsehjelp		
Sjukehus		
Skole/SFO		
Tverrfagleg team		

Om andre, spesifiser: _____

Eg/vi er informert om kva samtykket betyr, og er gjort kjent med at samtykket når som helst kan tekkast tilbake:

1. Eg/vi er kjende med at eg/vi kan nekte at opplysingar om spesielle forhold blir delte, eller at spesielle fagmiljø eller enkeltpersonar berre får bestemte opplysingar. Dette overstyrer ikkje fagpersonane si meldeplikt til barnevernteneste og NAV.
2. Eg/vi er einige i at opplysingar/vurderingar kan delast med dei nemnde tenestene for å hjelpe til å skape heilskaplege og koordinerte tenester.
3. Eg/vi er gjorde kjent med at formålet med deling av opplysingar er for å gi barnet eit best mogeleg hjelpetilbod, og at informasjonen som vert gitt er avgrensa til det som til ein kvar tid er nødvendig.
4. Eg/vi kjenner barnet sine rettar:
 - a. Når barnet er fylt 7 år skal det høyrast, og det skal leggjast aukande vekt på barnet si meining ut frå alder og modning. Frå 12 år skal ein legge stor vekt på barnet si meining.
 - b. Hovudregelen er at barn som har fylt 15 år sjølv kan samtykke til behandling av personopplysingar. For barn under 15 år må dei føresette samtykke på vegne av barnet. Frå 15 år har barn partsrettar etter forvaltingslova (aktuelt ved barnevernssaker). Fylkesnemnda kan innvilge eit barn under 15 år partsrettar i særskilde tilfelle.
 - c. Særlege kategoriar av personopplysingar (sensitive opplysingar) om barn under 18 år skal som utgangspunkt berre blir innhenta etter samtykke frå føresette, men merk at den helseerettslege myndigaldern er 16 år, og at helsevesenet kan i somme tilfelle behandle opplysingar om barn over 12 år utan å informere føresette. Følgjande følgjer av pasient- og brukarrettslova § 3-4:
 - i. Er barnet under 16 år, skal både barnet og føresette informerast.
 - ii. Er barnet mellom 12 og 16 år, skal informasjon ikkje bli gitt til føresette når barnet av grunnar som bør respekterast ikkje ønskjer det.
 - iii. Uavhengig av alderen til barnet, skal informasjon ikkje bli gitt til føresette dersom tungtvegande omsyn til barnet talar mot det.
 - iv. Informasjon som er nødvendig for å oppfylle foreldreansvaret, skal likevel bli gitt til føresette når barnet er under 18 år. Barnet skal orienterast om at informasjonen er gitt.
 - v. Dersom det kan bli aktuelt å unnta informasjon frå føresette etter punkt ii. eller iii., skal barnet så tidleg som mogeleg blir orientert om retten til informasjon frå føresette og unnataka frå denne retten.
 - vi. Har barneverntenesta overteke omsorga for barnet under 18 år etter barnevernlova § 4-6 (2), § 4-8 eller § 4-12, gjeld det punkt i. til iv. tilsvarande.

Dette samtykket gjelde fram til (sett inn dato), eller til eg trekkjer samtykket tilbake munnleg eller skriftleg.

Stad/dato:

Signatur:

Skriv namnet i blokkbokstavar	Signatur
-------------------------------	----------

VEDLEGG 7: KARTLEGGINGSSKJEMA FOR PROBLEMATISK SKOLEFRÅVÆR

Informasjon frå skole/lærer

Notat:

1. a Fråvær og vegringsåttferd hos eleven

Kor lenge og kor ofte er fråværet, fråværsmonster, heile dagar og/eller enkelttimar. Fråvær knytt til fag, situasjonar, personar, aktivitetar. Mønster av vegringsåttferd utan fråvær, dvs. at eleven prøver å unngå enkelte fag, situasjonar, personar, aktivitetar).

b. Har eleven tidlegare i skoleløpet hatt mykje fråvær eller vist vegringsåttferd?

2. a Har du kjennskap til om eleven blir plaga eller mobba på skolen, skolevegen og/eller på fritida?

b. Er læringsmiljøet på trinnet/i klassen kartlagt? Beskriv eventuelle funn.

3. Vurdering av skolefagleg og sosial kompetanse.

-Beskriv fag/områder der eleven viser meistring og trivsel.

-Beskriv fag/områder der eleven har vanskar.

4. Beskriv situasjonar der eleven klarar å møte på skolen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva gjekk bra denne gongen?

5. Kven er viktige vaksenrelasjonar som du ser at eleven har på skolen og korleis fungerer desse?

6. Kva slags viktige relasjonar ser du at eleven har til jamnaldrande på skolen og korleis fungerer desse?

7. Korleis er skolekvardagen organisert og strukturert?

Er den forutsigbar nok for eleven?

8. Kva tiltak er prøvd ut på skolen og korleis har desse fungert?

9. Kva tiltak er satt i gang i skole – heim samarbeidet og korleis har desse fungert?

Informasjon frå elev

Notat:

(Innhenta gjennom samtale/intervju, blir gjennomført av ein som har god relasjon til eleven.)

1. Kva fag, situasjon eller aktivitetar på skolen er det du likar?

2. Er det aktivitetar, fag eller situasjonar du opplever som vanskelege eller ubehagelege?

(Lese høgt eller svare på spørsmål framfor klassen, ha prøver, ha kroppsøving, eller fag der eleven må eksponere seg i ei gruppe, snakke med vaksne på skolen, be læraren om hjelp, jobbe saman med eller leike med medelevar, bruke toalettet på skolen, ete i klassen, dra heimanfrå om morgonen, forlate foreldra, skolevegen)

3. Har du vonde følelsar eller negative tankar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skolesituasjonen? Kva slags følelsar dreier det seg i så fall om? (Trist, redd, flau, nervøs, engsteleg, sint) Kva er det du tenker? (Bekymringar, negative forventningar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg)

4. Har du andre bekymringar eller har du opplevd noko utanom skolesituasjonen som du er opptatt av?

5. Blir du plaga eller mobba på skolen, skolevegen og/eller i fritida? Av kven?

6. Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skolen i skoletida som gjer det freistande å ikkje dra på skolen?

(Dataspel,, møte venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime)

7. Kven av lærarane eller andre vaksne på skolen har du eit godt forhold til, evt. eit negativt forhold til?

8. Tenk på ein situasjon der du klarte å møte på skolen eller delta i aktivitetar som du vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva var det som gjorde at det gjekk bra?

9. Er skolekvardagen oversiktleg og kjent for deg? *(Har du oversikt over skoledagen og skoleveka, kva lærarar/miljøretteiarar/assistentar som er inne i dei ulike timane, kven du kan gå til dersom det er behov for ein samtale, etc.)*

10. Har du nære/gode venner?
(Kven og kor)

11. Forklar kva ønskjer og mål du har for skolesituasjonen din?

1. Korleis opplever dei eleven sin generelle trivsel på skolen og i fritida er?

2. Kan dei gje ei skildring av eleven sine vanskar. Tenker dei at det kan dreie seg om skolevegring eller er det andre forklaringar?

3. Blir eleven plaga eller mobba på skolen, skolevegen og/eller i fritida?

4. Kan dei fortelje om eventuell vegringsåtferd i heimen (*Er det vanskeleg å få eleven til å gjere seg klar til å gå på skolen om morgonen, har eleven fysiske plagar i samband med krav om å møte opp på skolen, er eleven elles frisk?)*

5. Dersom eleven har fråvær, kva veit/trur dei skjer i tida eleven er borte fr skolen? (*Dataspel, besøk av familie, ekstra merksemd frå føresette, treffe venner utanfor skolen, skolearbeid*)

6. Er det helsemessige forhold av betydning for eleven si fungering og fråvær (*eventuell sjukdomshistorikk,, søvnrytme, matlyst*)

7. Har det skjedd plutslege/bråe endringar eller belastningar i familien

som kan vere med å forklare vanskane som eleven har? (*Skilsmisse, flytting, søsken, sjukdom, etc.*)

8. Tenk på situasjonar der eleven klarar å møte på skolen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva tankar har de om kva det var som gjorde at det gjekk bra i den situasjonen?

9. Korleis er ansvarsfordelinga heime når det gjelder å følge opp skolearbeid og skoleoppmøte?

10. Er det andre instansar som er i kontakt med familien?

11. Eventuelle andre støttespelarar i nettverk til familien?

12. Kva tiltak er forsøkt heime og korleis har desse fungert? (*Morgonrutinar, bytte av roller mellom føresette, samtalar med eleven*)

13. Føresette sine ønskjer og mål for den framtidige fungeringa/skolesituasjonen til eleven?

VEDLEGG 8: POWERPOINT-PRESENTASJON TIL FORELDRE



1



2

Overblikk

- Del ein – teori
- Del to – forebygging
- Del tre – tiltak/handlingsløype
- Del fire - vedlegg

3

Del ein - teori



4

Skolenærvær

- Høgt skolenærvær og trivsel på skolen, vernar elevar mot psykisk uhelse og aukar den enkelte sin sjanse til å gjennomføre og bestå vidaregåande utdanning. Elevar som er vand til å stå opp kvar morgon, gå på skolen og ikkje minst halda ut gjennom dagen, vil få ein "skolekondis" som dei vil dra nytte av vidare i livet.



5

Skolefråvær

Definisjon - fråvær

«Fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skolen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang/ei hyppigheit som medfører bekymring knytt til den faglege utviklinga til eleven, og dessutan elevens sosiale tilhøyrsløse og utvikling» (Jo Magne Ingul, 2011)

Når eit barn ikkje klarer å vere på skolen, er det ei utfordring som må eigast av både skole og foreldre. Høgt fråvær gir fleire negative følgjer og når fråværet held fram, kan det vere ressurskrevjande å snu, både for eleven sjølv og dei rundt.




6



FRÅVÆR

- Når eit barn ikkje klarer å vere på skolen, er det ei utfordring som må eigast av både skole og foreldre.
- Høgt fråvær gir fleire negative følgjer og når fråværet held fram, kan det vere ressurskrevjande å snu, både for eleven sjølv og dei rundt

7



VERDT Å VITE OM FRÅVÆR

GYLDIG FRÅVÆR:

- Sjukdom
- Innvilga permisjon
- Forhold som ein ikkje rår over

UGYLDIG FRÅVÆR:

- Fråvær som ikkje er dokumentert
- Skulk (fråvær utan at føresette veit)
- Haldast heime
- Skulevegring


8

BEKYMRRINGSFULLT FRÅVÆR

I Aukraskolen er bekymringsfullt frávær følgjande:

- 10 % frávær (gyldig eller ugyldig)
- 10 enkelttimar i ein termin
- Gjentakande forseintkomming
- Er på skolen, men fráverande frå undervisning

9



10

Del to - forebygging



Kva må vi gjere?

- Føring av fråvær
- Oversikt over fråvær
- Læringsmiljø
- Kunnskap om nærvær og fråvær

Trass i godt førebyggjande arbeid vil nokon elevar likevel utvikle bekymringsfullt fråvær og då må vi handle ut frå kunnskap om at «kvar dag tel».

Del tre – handtering av bekymringsfullt fråvær



Aldre kommunen

13

Tiltakstrapp



Aldre kommunen

14

Tiltakstrappa: Trinn 1

Snakk med eleven og kontakt føresette - same dag

- Er fråværet på bekymringsgrensa: Kontaktlærer snakker med elev og foreldre allereie same dag (gjeld elev frå 5. – 10.trinn).
- Om bekymringa skal drøftast med eleven sjølv, må vurderast ut frå alder og utvikling. Elevar på ungdomstrinnet skal alltid inkluderast ved bekymring.
- Kontaktlærer gjer elev og foreldre merksame på at fråværet er over 10 % og saman vurdere dei om det er nødvendig å komme saman til eit møte. I nokre tilfelle har fråværet ei forklaring som gjer kontaktlærer trygg på at det ikkje vil bli eit problem framover. I slike tilfelle blir saka avslutta på trinn 1.
- Dersom elev, kontaktlærer og/eller foreldre er bekymra for vidare fråvær, fortset prosessen til trinn 2. Ein skal dokumentere at ein har hatt møte med elev og foreldre.




15

Tiltakstrappa: Trinn 2

Møte med kontaktlærer, elev og foreldre - innan ei veke.

- Kontaktlærer kartlegg i samarbeid med elev og foreldre situasjonen for å få svar på grunnen til fråværet. (vedlegg 2).
- *Mål:* finn årsak til fråværet -finn konkrete tiltak som kan betre situasjonen.
- Kontaktlærer kan nytte tiltaksbanken (vedlegg 6) som inspirasjon - finne tiltak som kan bidra til å auke skolenærvær.
- Fordel ansvarsoppgåver! Bruk eige skjema for referat (vedlegg 4). Det er viktig at elev, skole og heim er delaktige i prosessen - alle har konkrete oppgåver. Etter tre veker skal situasjonen evaluerast.
- Er ein bekymra for vidare fråvær, fortset prosessen til trinn 3.
- Kontaktlærer skal dokumentere kva som er oppretthaldande faktorar, tiltak som blir satt i gang og evaluering av tiltak. Det er viktig å dokumentere at ein arbeidar utan ugrunna opphald. Dette skal skoleleiinga legge til rette for.



16

Tiltakstrappa: Trinn 3

Ressursteam – innan ei veke


- Når tiltak er utprøvd i samarbeid med elev og foreldre utan ønska effekt, skal saka tas opp i skolen sitt ressursteam. Her sitt dei som er del av det naturlege laget rundt eleven (til dømes miljøterapeut, kontaktlærer, rådgjevar, avdelingsleiar, rektor og helsesjuepleiar, ungdomslos, fagarbeidar m.m). Møtet gjerast i samarbeid med elev og føresette. Føresette og elev over 15 år kan i denne forbindelse fritta skole og andre aktørar frå teieplikta (vedlegg 5).
- Dersom elev eller føresette ønsker det, kan dei delta i møtet. Intensjonen med møtet er å finne fram til tiltak som kan bidra til å betre situasjonen.
- Tiltaksbanken kan nyttast som inspirasjon.
- I tillegg kan PPT komme med nyttige råd dersom dei deltek i teamet. I etterkant av møtet avklarar kontaktlærer med elev og føresette kva for tiltak som skal prøvast i dei komande tre vekene. Etter tre veker skal situasjonen evaluerast og dokumenterast.



17

Fortsett Trinn 3

- Viss ein er bekymra for vidare fråvær, fortsett prosessen til trinn 4.
- Ressursteam bestemmer kven som har ansvar for å kalle inn og leie saka vidare.
- Meir kartlegging kan gjerast med skjema for "kartlegging av problematisk skolefråvær" frå PPT nyttast (vedlegg 6).



18

Tiltakstrappa: Trinn 4

Tverrfagleg møte

- Faste tverrfaglege møte kallast inn av skolen. Så lenge fråværet er alvorleg, skal møtefrekvensen vere høg, det vil seie *minimum kvar 3 veke*.
- Leiinga ved skolen skal vere med i møta i tillegg til kontaktlærer og andre sentrale samarbeidspartnarar. Samarbeidspartnarar kan vere; helsesøster, PPT, fastlege, behandlar, BUP, familieteneste og barneverntenesta **m.m.**
- Eleven er invitert til å vere med i møtet. yngre, kan eleven delta i deler av møtet tilpassa alder og modning. Det kan vere strategisk å involvere andre ressurspersonar i eleven sitt nettverk, for eksempel slektningar eller venner.
- Målet med møta er å finne gode løysingar slik at eleven skal oppnå normalt skolenærvær. Møta blir gjennomført fram til eleven ikkje lenger har bekymringsfullt skolefråvær. Alle møta skal dokumenterast. Skolen kan komme med tilråding om individuell plan (IP).



19

Suksessfaktorar

- Avgjerande for gode resultat:
- Tillit mellom elev, skole og heim
- Lytte til eleven sine opplevingar og ønskjer – gi reell medverknad i eiga sak
- Alle tar ansvar og ser på utfordringa som eit felles ansvar
- Samhandling og godt samarbeid mellom instansar
- Høg møtefrekvens
- Optimisme og pågangsmot
- Kreative løysingar
- Mobilisering av nettverk

Alle må lukkast i arbeidet med å hjelpe eleven!

